


FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL

Miljøvernavdelinga


 Saksbehandlar
 Ivar Mork-Grevsnes

 Vår dato
 97.11.12
 Dykkar dato
 97.07.11

 Vår ref.
 1997/02436-IMG
 Dykkar ref.

Volda/Ørsta Reinhaldsverk

6160 HOVDEBYGDA


**VOLDA/ØRSTA REINHALDSVERK
 LØYVE TIL DRIFT AV OMLASTINGSTASJON OG TIL ETABLERING OG
 DRIFT AV SORTERINGSANLEGG FOR GROVAVFALL**

Fylkesmannen gir i medhald av lov om vern mot forureining og om avfall (forureiningslova) av 13. mars 1981 §§ 6, 11, og 29 Volda/Ørsta Reinhaldsverk (VØR) løyve til drift av omlastestasjon for forbruks- og produksjonsavfall samt etablering og drift av sorteringsanlegg for grovavfall på sin eigedom ved flyplassen i Hovden, Ørsta kommune. Løyvet med nedanståande vilkår er gitt på grunnlag av opplysningar i søknaden av 07.11.97 og i eksisterande løyve for drift av omlastestasjon av 18.10.88. Endringar som anleggseigaren ønskjer å gjennomføre i høve til dette, må godkjennast av fylkesmannen.

Løyvet gjeld frå 01.01.1998, og erstattar «Løyve til etablering og drift av omlastestasjon for avfall» av 18.10.88.

Løyvet kan endrast etter § 18 i forureiningslova dersom fylkesmannen finn det nødvendig.

Vilkår for løyvet

I medhald av § 16 i forureiningslova knyter det seg følgjande vilkår til løyvet:

1. Løyvet gjeld drift av omlastestasjon for restavfall frå forbruksavfall og produksjonsavfall. for vidaretransport til godkjendt sluttbehandlingsanlegg.

Vidare gjeld løyvet mottak, sortering og mellomlagring av utsortert produksjonsavfall og grovavfall frå hushaldningar med føremål gjenvinning. Dei utsorterte fraksjonane skal leverast til godkjende gjenvinningsanlegg.

2. Reinhaldsverket kan ta imot og mellomlagre spesialavfall for vidareending i samsvar med «Løyve for etablering og drift av lokalt mottak for spesialavfall i samband med interkommunal fyllplass», gitt av SFT i brev av 26.07.89.
3. Alt avfall inn og ut av frå verksemda skal registrerast med vekt.

Leiinga, Administrasjonsstaben, Kommunal- og samordningsavdelinga	Beredskapsavdelinga	Landbruksavdelinga	Miljøvernavdelinga	Sosial- og familieavdelinga
Telefon 71 25 84 43 Telefaks 71 25 85 10	Telefon 71 25 84 86 Telefaks 71 25 85 18	Telefon 71 25 81 59 Telefaks 71 25 81 57	Telefon 71 25 84 75 Telefaks 71 25 85 09	Telefon 71 25 84 52 Telefaks 71 25 84 61

4. Verksemda skal drivast slik at det ikkje fører til ulemper i form av utslepp av lukt, støy, forureina vatn eller forsøpling av området. Det skal ikkje skje lagring av avfall ved anlegget utover den tid det tek å fylle opp høveleg last for vidaretransport av dei ulike fraksjonane. Fylkesmannen kan seinare fastsette maksimale mengder som blir tillatt å mellomlagre, t.d. i høve til årsomsetninga
5. Omlasting, sortering og annan behandling skal skje innandørs. Eventuell utandørs mellomlagring av utsorterte avfallsfraksjonar skal skje i kontainer og på ein slik måte at det ikkje fører til forsøpling eller ukontrollert avrenning.
6. Mottatt avfall som ikkje kan gjenvinnast (restavfall) samt restavfall fra sorteringa skal leverast til godkjent sluttbehandlingsanlegg.
7. Det er ikkje tillatt å brenne avfall på anlegget.
8. For å unngå problemer med skadedyr (rotter o.l.) skal mellomlagring av avfall ved anlegget foregå på en slik måte at avfallet ikke er attraktivt som yngle- og opphaldsstad for m.a. rotter. Det blir venta at nødvendige tiltak blir gjennomført i samråd med helsemynde.
9. Støyande prosessar som t.d flishogging skal skje innandørs.
10. Ved anlegget skal det vere tilgang på vatn for reinhald, brannsløkking og tilsette sitt behov. Eventuell vaskeplass for bilar og kontainerar skal ha avrenning til sandfang og oljeutskiljar før tilknytning til kommunalt avløpsanlegg. På verksemda sitt område skal det rå god orden og reinhald.
11. Det skal ikkje vere utslepp av prosessvann frå anlegget. Sanitæravløpsvatn og vaske/spylevatn m.v. skal samlast opp og tilknyttast kommunal spillvassleidning . Ved påvist vassforureining kan det bli aktuelt å gjennomføre tiltak for å eliminere/avgrense forureininga, etter nærare pålegg frå fylkesmannen.
12. Anlegget skal inngjerdast og vere utstyrt med låsbar port. Opplysning om åpningstider skal finnast ved porten. Utanom ordinær arbeidstid/åpningstid skal porten vere låst.
13. Driftsinstruks for verksemda skal utarbeidast og sendast fylkesmannen til orientering **innan 01.04.98**.
15. Anlegget skal drivast av faste operatørar, og reinhaldsverket skal syte for at operatørane har nødvendig kvalifikasjon og at dei er kjende med innhaldet i driftsinstruksen
16. Driftsjournal skal førast dagleg. I driftsjournalen skal alt avfall som blir tatt inn på anlegget for sortering /videresending registrerast, med opplysning om leverandør, avfallstype og vekt. Sortert avfall ut frå anlegget skal registrerast med omsyn til avfallstype, vekt og mottakar. Driftsjournalen skal kunne framvisast for fylkesmannen på oppmoding.

17. Årsrapport med grunnlag i driftsjournalen skal sendast fylkesmannen **innan 1. mars kvart år**. Avfallet skal spesifiserast i samsvar med offentleg avfallsstatistikk.
18. Eigaren skal innføre internkontroll i samsvar med internkontrollforskrifta og rapportere frå kontrollen i årsrapporten.
19. Reinholdsverket pliktar å la representantar frå fylkesmannen , eller andre etatar og institusjonar som blir gitt mynde, få inspisere anlegget til kvar tid.
20. Eigaren er ansvarleg for at verksemda blir dreve i samsvar med dette løyvet.
21. Dersom fylkesmannen finn det nødvendig, skal reinholdsverket setje inn ytterlegare tiltak for å redusere eventuelle miljøulempar frå verksemda.

Grunngjeving for løyvet

Verksemda er etablert i regulert industriområde ved flyplassen i Hovden. Verksemda har dreve omlastestasjon for forbruks- og produksjonsavfall på lokaliteten dei siste 8 åra. Verksemda skal no utvidast til og å drive sorteringsanlegg for gjenvinnbare fraksjonar av forbruks- og produksjonsavfall. Restavfallet skal leverast til godkjent sluttbehandlingsanlegg fortløpande.

All sortering skal skje innandørs, og dersom utsorterte fraksjonar skal mellomlagrast utendørs, skal dette skje i lukka containere. Mengden av sortert avfall som blir mellomlagra, skal haldast på eit minimum. Usortert forbruksavfall frå den kommunale innsamlingsordninga skal ikkje behandlast i sorteringsanlegget. All avrenning skal skje til kommunalt avløpsanlegg.

Verksemda skal gjerdast inn og det skal leggest opp til godt reinhald og orden. Med dei vilkår som er stilt til drifta skal det ikkje oppstå uakseptabel lukt eller andre miljøulempar frå verksemda.

Etableringa er behandlat etter plan - og bygningslova. Etableringa er dermed gjort kjend i nabolaget i samsvar med dette lovverket. Omlastingstasjonen har elles vore i drift i mange år utan spesielle ulemper. Fylkesmannen finn ut frå dette at tiltaket er tilstrekkeleg opplyst i høve til reglane om førehandsvarsling i forskrift om saksbehandling etter forureiningslova.

Ansvarstilhøve og klagerett


Dette løyve fritar ikkje søkjaren frå å hente inn løyve frå andre sider ved bygging og drift av verksemda, til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.


Løyvet fritar heller eigaren for erstatningsansvar etter alminnelege erstatningsreglar, jf. forureiningslova § 10, andre ledd.

Som tilsynsmynde for internkontrollforskrifta ventar fylkesmannen at dei nødvendige rutinene er på plass.

Utsleppsløyve kan etter forureiningslova § 85 klagast inn til SFT innan 3 veker frå melding om løyve er mottatt. Grunngeven klage skal sendast om fylkesmannen. Det blir elles vist til forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 29, 32, 36 og 42.

Med helsing


Kolbjørn Megård (e.f.)
seksjonsleiar


Ivar Mork-Grevsnes
overingeniør

Kopi: Ørsta kommune, 6150 Ørsta
Ørsta kommune, Helse- og sosialstyre
Volda kommune, 6100 Volda, 6150 Ørsta
Møre og Romsdal fylkeskommune, Nærings- og miljøavdelinga, her
Statens forurensningstilsyn